

Folketal, verdiskaping og kunnskapsproduksjon på Vestlandet

Mai 2010

AUD- rapport nr. 6-10



Folketal, verdiskaping og kunnskapsproduksjon på Vestlandet

Dei fire vestlandsfylka – Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal – utgjer i 2010 om lag 26 % av befolkninga i Noreg. Etter Oslo/Akershus er det vestlandsfylka som har vakse hurtigast på 2000-talet og vil også gjere det framover mot 2030.

”Vestlendingane” som altså utgjer 26 % av den totale befolkninga:

- står for 27 % av verdiskapinga totalt i alle næringane i Noreg, ekskl. verdiskaping som ikkje kan fordelast på fylke, t.d. 95 % av verdiskapinga innafør Utvinning av råolje og naturgass og all verdiskaping innafør Rørtransport.
- har ein eksportandel av tradisjonelle varer på 43 % (t.d. råolje er ikkje medrekna)
- bidrar med 31 % av den totale utlikna selskapsskatten, ekskl. oljeskatten¹.

Verdiskapinga på Vestlandet, utanom verdiskapinga knytt til kontinentalsokkelen, er om lag som forventa i høve til folkemengda i regionen. Oslo/Akershus har større verdiskaping enn forventa ut frå folketalet, men kan likevel seiast å vere forventa ut frå dei mange fordelane ein hovudstad fører med seg. Resten av landet har mindre verdiskaping enn det ein kunne forvente ut frå folketalet.

Verdiskapinga på kontinentalsokkelen er ikkje fordelt på fylke i fylkesfordelt nasjonalrekneskap, men sidan det meste av denne verdiskapinga har sitt utgangspunkt på Vestlandet, ville dette truleg ha langt på veg fordobla verdiskapinga på Vestlandet.

Vidare blir 23 % av alle dr.gradane avlagde på Vestlandet, 24 % av alle ferdige kandidatar ved universitet og høgskole blir uteksaminerte på Vestlandet og 20 % av FoU-utgiftene blir nytta her. Oslo/Akershus er den dominerende regionen på dette feltet, men Vestlandet og Trøndelag har også ein sterk posisjon samanlikna med resten av landet.

I Hordaland kjem den største veksten i Bergen og omlandskommunane til Bergen, både når det gjeld tal innbyggjarar og tal arbeidsplassar. Samstundes aukar pendlinga inn til Bergen. Bergen har også eit stort tal registrerte studentar. Alle desse faktorane fører til eit større trykk på veg- og kollektivsystem.

¹ Tala som er presenterte i dette avsnittet er frå ulike årgangar er difor ikkje direkte samanliknbare, men variasjonane frå år til år er små, slik at det ikkje gir nemneverdige utslag i prosentdelane..

Befolkningsutvikling

Øvrige Austland, Vestlandet og Oslo/Akershus er dei mest folkerike regionane i 2010. Øvrige Austland har flest innbyggjarar, men lågast prosentvis vekst på 2000-talet. Høgast prosentvis vekst har Oslo/Akershus, deretter følgjer Vestlandet. Det betyr at at det er Oslo/Akershus og Vestlandet som veks hurtigast.

SSB sin prognose for folketalsutviklinga fram til 2030 viser at denne utviklinga held fram. Oslo/Akserhus er den regionen med desidert størst vekst (31 %), deretter følgjer Vestlandet og Agder med om lag 21 % vekst. I 2030 vil Vestlandet ha om lag 1,5 millionar innbyggjarar og ha passert Øvrige Austland.

Tabell 1: Folketalsutviklinga 2000 – 2010 og folketalsframskriving 2030 etter region/landsdel

	2001	2010	2030	Endring 2001-2010		Endring 2010 - 2030	
				Tal	%	Tal	%
Vestlandet	1 164 937	1 263 464	1 525 853	98 527	8,5	262 389	20,8
Øvrige Austland	1 241 908	1 304 777	1 495 103	62 869	5,1	190 326	14,6
Oslo/Akershus	980 714	1 123 359	1 475 610	142 645	14,5	352 251	31,4
Trøndelag	392 126	422 102	501 147	29 976	7,6	79 045	18,7
Nord-Noreg	464 159	465 621	489 019	1 462	0,3	23 398	5,0
Agder	259 592	278 876	337 339	19 284	7,4	58 463	21,0
Heile landet	4 503 436	4 858 199	5 824 071	354 763	7,9	965 872	19,9

Kjelde: SSB Statistikkbanken


Tabell 2: Folketal 2010 i absolutte tal og prosent

2010	Tal	%
Vestlandet	1 263 464	26,0
Oslo/Akershus	1 123 359	23,1
Øvrige Austland	1 304 777	26,9
Nord-Noreg	465 621	9,6
Trøndelag	422 102	8,7
Agder	278 876	5,7
Heile landet	4 858 199	100

Kjelde: SSB Statistikkbanken

I 2010 utgjorde befolkninga på Vestlandet 26 % av Noregs befolkning, mens innbyggjarane i Oslo og Akershus utgjorde 23 %. 49 % av Noregs befolkning bur med andre ord på Vestlandet og i Oslo/Akserhus i 2010. I 2030 vil denne delen ha auka til 51 %. Det er Oslo/Akserhus som vil vekse på bekostning av Resten av landet, mens Vestlandet held stand.

Figur 1: Andel av befolkninga etter region/landsdel



Verdiskaping

Verdiskapinga totalt for alle næringer i Noreg i 2007 var 2 012 mrd kroner². 496 mrd kroner av desse er ikkje fordelte på fylka. I denne kategorien ligg 95 % av verdiskapinga innafor Utvinning av råolje og naturgass, inkl. tenester, om lag 475 mrd kroner. Berre 24 mrd av verdiskapinga i denne næringe er fordelte på fylke. Verdiskaping knytt til Rørtransport (om lag 17 mrd kroner) er i sin heilskap ikkje fordelt på fylke. Både Utvinning av råolje og naturgass og Rørtransport er knytt til verksemd på kontinentalsokkelen. Storparten av verdiskapinga på kontinentalsokkelen vil etter all sannsynlegheit ha utgangspunkt i Vestlandet. Den reelle verdiskapinga på Vestlandet vil med andre ord vere monaleg høgare enn det som er registrert under dei fire vestlandsfylka.

Tala som blir presentert i det følgjande er difor verdiskaping utanom 95 % av verdiskapinga innafor Utvinning av råolje og naturgass og utanom all verdiskapinga innafor Rørtransport³. Næringslivet i dei 19 fylka skapte verdiar for 1 516 mrd kroner i 2007. 404 mrd kroner av desse blei generert på Vestlandet (27 %) og 489 mrd kroner i Oslo/Akershus (32 %).

Tabell 3: Verdiskaping (bruttoprodukt) i alle næringer fordelt på region/landsdel, 2007


² Bruttonasjonalproduktet (BNP) var 2 271 mrd kr i 2007. BNP er målt i markedsverdi (inkl. avgifter), mens bruttoproduktet er målt i basisverdi. Det er bruttoproduktet som blir brukt som mål for verdiskaping.

³ Noko verdiskaping innafor bygg- og anlegg, hotell- og restaurantverksemd, transport elles, m.m. er også halde utanfor, til saman om lag 4 mrd kroner.

2007	Verdiskaping alle næringer, mill. kr.	Prosent
Oslo/Akershus	489 170	32,3
Vestlandet	404 002	26,6
Øvrige Austland	320 551	21,1
Nord-Noreg	114 629	7,6
Trøndelag	112 336	7,4
Agder	75 487	5,0
Heile landet	1 516 175	100

Kjelde: SSB, Fylkesfordelt nasjonalrekneskap 2007


Figur 2: Verdiskaping etter region/landsdel, 2007



Kjelde: SSB, Fylkesfordelt nasjonalrekneskap 2007

Figur 3 viser verdiskaping per sysselsett og per innbyggjar. Det er Oslo/Akershus som har høgast verdiskaping i begge desse kategoriane, med høvesvis 740 884 kroner og 457 843 kroner. Vestlandet genererer 631 324 per sysselsett og 330 980 per innbyggjar. Resten av landet genererer monaleg mindre enn desse to regionane per sysselsett og per innbyggjar.

Figur 3: Verdiskaping per sysselsett og per innbyggjar, alle næringar, 2007



Kjelde: SSB, Fylkesfordelt nasjonalrekneskap

Dersom vi ser på verdiskapinga i fylka eks den landbaserte verdiskapinga innafor kategorien utvinning av råolje og naturgass, endrar ikkje dette biletet seg nemneverdig. Vestlandet sin andel av den totale verdiskapinga er då redusert til 26 %, medan Oslo/Akershus har like stor andel som for alle næringar.

Verdiskaping per sysselsett blir redusert frå om lag 631 000 kroner til om lag 622 000 kroner for Vestlandet når vi held utvinning av råolje og naturgass utanfor, medan dei andre delane av landet berre får mindre endringar. Verdiskaping per innbyggjar gjev ikkje meining dersom vi held utvinning av råolje og naturgass utanfor, sidan tal innbyggjarar er konstant.


Eksport

I 2008 hadde Vestlandet den største eksportverdien av tradisjonelle varer, følgd av Øvrige Austlandet. I tradisjonelle varer er ikkje råolje, skip og tenester inkludert.

Brenselstoff, som for Hordaland i hovudsak er produkt frå raffineriet på Mongstad, utgjer om lag 42 % av vestlandseksporten. Men sjølv om vi ser bort frå brenselstoff, er Vestlandet den landsdelen som har størst eksport.

Eksporten av bearbeidde varer (industriproduserte varer) betyr også mykje i vestlandsfylka. Alle vestlandsfylka har også ein betydeleg fiskeeksport, mens eksport av råvarer og andre matvarer betyr lite.


Figur 4: Eksportverdi fordelt på region/landsdel og varegrupper, 2008



Kjelde: SSB Statistikkbanken, www.statistikk.igest.no

Verdien av eksporten frå Vestlandet utgjer 43 % av den totale eksportverdien for Noreg. Oslo/Akershus står for berre 6 % av eksporten. Utanom vestlandsfylka er det Vestfold og Vest-Agder som er dei største eksportfylka.

Figur 5: Andel eksport etter region/landsdel 2008



Kjelde: SSB statistikkbanken, www.statistikk.igest.no

Utlíkna skatt⁴

I 2008 blei det ilagt om lag 320 milliarder kroner i skatt på selskaper. Oljeselskapa sin inntektsskatt utgjorde 94 milliarder kroner. I tillegg blei det utlíkna ein særskatt på 160 milliarder kroner. Samla utlíkna skatt for oljeselskapene var dermed 254 milliarder kroner. Oljeskatten blir ikkje geografisk fordelt, men går inn under kategorien kontinentalsokkelen.

Dei øvrige 65 mrd kronene er ilagt selskap i dei 19 fylka og omfattar også kraftverk og rederi. Selskap i Hordaland blei ilagt 6 mrd kroner i skatt i 2008. For heile Vestlandet var beløpet om lag 20 mrd kroner.


Tabell 4: Tal skatteytarar og utlíkna skatt etter region/landsdel, mill kr, 2008

2008	Tal skatteytarar	Utlíkna skatt, mill. kr.	Prosent
Oslo/Akershus	30 028	26 264	40,0
Vestlandet	26 828	20 137	30,6
Øvrige Austlandet	24 560	9 909	15,1
Agder	5 776	3 865	5,9
Trøndelag	7 525	3 066	4,7
Nord-Noreg	7 710	2 492	3,8
Heile landet	102 427	65 733	100,0

Kjelde: SSB statistikkbanken, Skattestatistikk for etterskotspliktige

⁴ I 2007 ble skattestatistikk for etterskuddspliktige, skattestatistikk for kraftverk, inntektsstatistikk for oljeselskaper og skattestatistikk for rederier slått sammen til en statistikk, skattestatistikk for etterskuddspliktige. Statistikken omfatter alle etterskuddspliktige (foretak, institusjoner, foreninger o.l.).

Figur 6: Andel utlikna skatt etter region/landsdel, 2008



Kjelde: SSB Statistikkbanken, Skattestatistikk for etterskotspliktige

Kunnskapsproduksjon

Kunnskapsproduksjonen blir her målt i tal dr.gradar, uteksaminerte kandidatar frå universitet og høgskole og utført FoU.

Dr.gradar

Dei siste 5 åra er det blitt avlagt flest dr.gradar ved universitet og høgskolar i Oslo/Akershus, deretter følgjer Trøndelag og så Vestlandet. Tal avlagte dr.gradar på Vestlandet har stige jamt dei siste åra. I 2009 blei det for første gong avlagt fleire dr.gradar på Vestlandet enn i Trøndelag.


Tabell 5: Avlagde dr.gradar 2005-2009 og 2009 etter region/landsdel

	2005-2009		2009
	Tal	%	
Oslo/Akershus	1 992	38,4	446
Vestlandet	1 158	22,3	265
Trøndelag	1 292	24,9	259
Nord-Noreg	462	8,9	120
Øvrige Austland	260	5,0	49
Agder	18	0,3	9
Heile landet	5 182	100,0	1 148

Kjelde: Database for høgare utdanning, NSD

Vestlandet stod for 22 % av avlagde dr.gradar i perioden 2005 - 2009. Flest dr.gradar blei avlagt i Oslo/Akershus (38 %). Resten av landet står for 40 %. Trøndelag, med NTNU i spissen, står for ein stor del av desse.

Figur 7: Andel avlagte dr.gradar etter region/landsdel 2005-2009



Kjelde: Database for høgare utdanning, NSD

Uteksaminerte kandidatar


Etter Oslo/Akershus blir det uteksaminert flest kandidatar ved universitet og høgskolar på Vestlandet. 24 % av alle ferdige kandidatar blei uteksaminert på Vestlandet i perioden 2005-2009. Oslo/Akershus er den regionen som uteksaminerer den største andelen (34 %).

Tabell 6: Uteksaminerte kandidatar ved universitet og høgskolar 2005- 2009 og 2009

	2005-2009	Per år	2009
Oslo/Akershus	58 269	11 654	12 446
Vestlandet	41 835	8 367	8 526
Øvrige Austlandet	24 109	4 822	4 993
Trøndelag	26 338	5 268	4 991
Nord-Noreg	14 281	2 856	2 523
Agder	7 229	1 446	1 490
Heile landet	172 061	34 412	36 978

Kjelde: Database for høgare utdanning, NSD

Figur 8: Andel uteksaminerte kandidatar frå universitet og høgskole, 2005-2009



Kjelde: Database for høgare utdanning, NSD

Forskning og utvikling

Vestlandet nyttar om lag halvparten av det Oslo/Akershus gjer til FoU, men noko meir enn Trøndelag. Vestlandet har ein relativ svak instituttsektor, men ein sterk universitets- og høgskolesektor.


Tabell 7: Utgifter til FoU etter sektor, 2007, mill. Kr.

2007	Næringslivet	Instituttsektoren	Universitets- og høgskolesektoren	Totale FoU-utgifter
Oslo/Akershus	6870,6	3900,5	5068,1	15839,2
Vestlandet	3539,1	1449,9	2548,9	7537,9
Trøndelag	2128,9	1775,0	2313,6	6217,5
Øvrige Austlandet	3761,2	594,8	352,3	4708,3
Nord-Noreg	410,9	445,8	1189,1	2045,8
Agder	640,4	132,1	178,5	951
Heile landet	17351,1	8298,1	11650,5	37299,7

Kjelde: NIFU Step

20 % av alle midlane som går til FoU i Noreg, blir brukt på Vestlandet, medan 43 % blir brukt i Oslo/Akershus. Resten av landet nyttar 37 % av midlane.

Figur 9: Andel FoU-utgifter etter region/landsdel, 2007



Kjelde: NIFU Step


Utviklinga i Hordaland og Bergen

I Hordaland har det vore ein sterk vekst både i tal innbyggjarar og tal arbeidsplassar på 2000-talet, med Bergen som motor. Dette fører til ekstra press på veg- og kollektivsystem. Vi vil her vise korleis utviklinga har vore i Bergen, omkringliggjande kommunar og regionar.

Folketal

Dei regionane som ligg tett opptil Bergen, veks raskast. Aller størst har folkeveksten vore i Øygarden og Sotra. Her er folketalet snart tredobla sidan 1970. Men både Bjørnefjorden, Nordhordland og Sunnhordland har hatt ein folkevekst som ligg over landsgjennomsnittet. Hardanger er den einaste regionen med nedgang.

Figur 10: Folketalsutviklinga i regionane i Hordaland og i Noreg, indeksert slik at nivået i 1964 = 100.



Kjelde: SSB, Næringsanalyse for Hordaland 2009, Telemarksforsking

Den aller største veksten finn vi i Bergen og kommunane som grenser opp til Bergen (sjå tabell 8). Folketalet i desse kommunane auka med 13 % på 2000-talet. Folketalsutviklinga i resten av Hordaland var på om lag 2 %.

Fram mot 2030 vil om lag 90 % av den totale veksten i Hordaland, kome i Bergen og tilgrensande kommunar. Folketalet her vil auke med om lag 96.000 personar.

Tabell 8: Folketalsutviklinga i Bergen og tilgrensande kommunar, 2001 – 2010 og framskrive folketal 2030

	2001	2010	2030	Endring 2001-2010		Endring 2010-2030	
				Tal	%	Tal	%
Bergen	230 948	256 600	320 555	25 652	11,1	63 955	24,9
Askøy	20 096	24 993	36 513	4 897	24,4	11 520	46,1
Fjell	18 541	21 823	29 411	3 282	17,7	7 588	34,8
Os	13 972	16 684	23 563	2 712	19,4	6 879	41,2
Lindås	12 551	14 286	18 004	1 735	13,8	3 718	26,0
Meland	5 502	6 631	9 056	1 129	20,5	2 425	36,6
Totalt	301 610	341 017	437 102	39 407	13,1	96 085	28,2
Resten av Hordaland	133 389	136 158	147 094	2 769	2,1	10 936	8,0
Heile Hordaland	434 999	477 175	584 196	42 176	9,7	107 021	22,4


Kjelde: SSB Statistikkbanken, www.statistikk.ivest.no

Arbeidsplassar

Øygarden og Sotra har hatt spesielt høg vekst i tal arbeidsplassar, med ein vekst på over 35 prosent frå 2000 til 2008 (sjå figur 11). Ingen andre regionar i landet kan matche denne veksten. Bjørnefjorden, Bergen og Askøy og Nordhordland har alle ein vekst på nesten 20 prosent, det vil si godt over landsgjennomsnittet på 11,6 prosent.

Sunnhordland har ein vekst som er nesten heilt lik landsgjennomsnittet. Voss har hatt vekst, men langt lågare enn middels. I Osterfjorden og Hardanger er antall arbeidsplasser lågare i 2008 enn i 2000.

Figur 11: Utvikling i tal arbeidsplassar i regionane i Hordaland, indeksert slik at nivået i 2000 = 100




Kjelde: SSB, Næringsanalyse for Hordaland 2009, Telemarksforskning

Pendling

Andelen sysselsette som pendlar til Bergen har auka frå nesten alle kommunane kring Bergen i perioden 2000 – 2008 (sjå figur 12). Andelen sysselsette som pendlar til Bergen frå Askøy og Fjell lå mellom 45 % og 50 % i 2008. Andelen i Fjell har gått noko ned i perioden - tal pendlarar har likevel auka, men altså ikkje like mykje som tal sysselsette. Andelen pendlarar til Bergen har auka aller mest i Vaksdal.

Totalt var det 24.000 arbeidstakarar som pendla til Bergen frå andre kommunar i Hordaland i 2008. Dette er ein auke på om lag 4 300 personar samanlikna med 2000. Det er berre i nokre få kommunar i Hardanger og Sunnhordland at det er blitt færre pendlarar til Bergen.

Figur 12: Andel pendlarar til Bergen etter kommune, 2000 og 2008



Kjelde: SSB Statistikkbanken, www.statistikk.igest.no

Registrerte studentar

I 2010 er det registrert om lag 25.000 studentar i Hordaland. Om lag 2 800 studentar er registrert ved Høgskulen Stord/Haugesund, resten er registrert ved studiestadar i Bergen. 58 % av studentane i Bergen er registrert ved Universitetet i Bergen.

Tal registrerte studentar har halde seg nokonlunde konstant etter innføringa av kvalitetsreformen i 2006.

Kjelde: Database for høgare utdanning, NSD